

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal

Møtestad: Skype
Dato: 25.01.2021
Tidspunkt: 10:00 - 13:30

Til stades:

Namn	Varamedlem for
Paula Næss Skår	
Ann Helene Skare	
Atle Tangen	
Janne Remøy Endresen	
Daniel Ask	
Anne Grete Mogstad	
Asbjørn Rindal Gausdal	
Jakob Strand	
Asle John Giske	

Ikkje møtt:

Namn

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Marianne Ensby Gravem	Utvalssekretær

Merknad i møte:

Møteprotokollen er godkjend i møtet

SAKLISTE

Sak nr.	Tittel
1/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
2/21	Orientering frå administrerende direktør
3/21	Representasjon i råd og utval - munnleg orientering
4/21	Oppnemning i råd og utval
5/21	Referatsaker - utan saksframlegg
6/21	Orienteringssak - Årleg melding 2020 HMR
7/21	Årsrapport 2020 for brukarutvalet HMR
8/21	Styresak - Statusrapport november 2020
9/21	Styresak - Premissar for revisjon av utviklingsplan HMN

1/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 1/2021 i møte den 25.01.2021

Behandling

Tidligere oppnemnt styresak om forbetringstiltak knytt til kvalitet og pasientsikkerheit er ikkje blitt ein styresak. Saka blir teken ut av saklista til brukarutvalsmøtet denne gong.

Vedtak

Brukarutvalet godkjenner innkalling og sakliste med dei endringar som er meldt innleiingsvis.

2/21 Orientering frå administrerande direktør

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 2/2021 i møte den 25.01.2021

Behandling

Brukarutvalet fekk ei orientering frå administrerande direktør om følgjande saker:

- Fødetilbodet i Nordmøre og Romsdal
 - drift bare i Molde framover
 - følgjeteneste
 - rekruttering
- Omorganisering i klinikk for kvinner, barn og unge
- SNR

Brukarutvalet fekk stille spørsmål til direktøren.

Vedtak

Brukarutvalet tek orienteringa til vitende.

Brukarutvalet vil sterkt beklage at det har vore nok ei utsetting av bygginga av SNR. Brukarutvalet er særskilt oppteken av at det vert ei rask avklaring av vidare framdrift og at ein kjem så raskt som råd i gong med sjølvbygginga, at det vil vere viktig for både pasientar og tilsette i Helse Møre og Romsdal.

Brukarutvalet vil særskilt framheve viktigheta av å fortsette rekruttering av naudsynt fagpersonell til fødetilbodet i Nordmøre og Romsdal.

3/21 Representasjon i råd og utval - munnleg orientering

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 3/2021 i møte den 25.01.2021

Ingen vedtak

Representasjon

Namn	Råd/utval (dato)
Paula Næss Skår	Brukerpanel Helseplattformen 7.des Styremøte 9.des Ekstraord. styremøte 22. des. AU for BU 5. jan Samarbeidsmøte - kommunene 11. jan Ekstraord. styremøte 21. jan.
Ann Helene Skare	Ekstraord. styremøte 22. des. AU for BU 5. jan Ekstraord. styremøte 21. jan. KEK 10. des. Samarbeidskomite covid-19 14. des. KEK 21. jan.
Asbjørn R. Gausdal	LSU Volda 11. des
Jakob Strand	Styremøte 9. des. KEK 10.des. Pasientreiser - arbeidsgruppe for framtidsløysingar
Atle Tangen	Prehospitale tenester 15. des.
Asle John Giske	Brukerpanel Helseplattformen 8. des KEK 10.-11.des Prosjekt covid-19 16. des, 12., 14. og 20. jan. KEK 21. jan Forberedelse på Skype, undervisning om brukermedvirkning for sykepleierstudenter 21. jan.

Janne Remøy Endresen	Samarbeidsråd klinikk DE 14. des. Samarbeidsrådet Volda sykehus 17.12.20
Anne Grete Mogstad	Brukerpanel Helseplattformen 8. des. KEK 10. des. LSU Kr.sund
Daniel Ask	Brukerpanel Helseplattformen 8. des. Ressursgruppa for multisjuka 9. des.
Ev. varamedlem	

4/21 Oppnemning i råd og utval

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 4/2021 i møte den 25.01.2021

Behandling

Oppnemning av brukarrepresentant til prosjekt om PCI Ålesund sjukehus.

Oppnemning av brukarrepresentant til gjennomføring av risikoanalyse til ambulerande team i klinikk for psykisk helse og rus.

Vedtak

Brukarutvalet oppnemner Atle Tangen til prosjektet for PCI Ålesund sjukehus. Daniel Ask veljast som vara.

Brukarutvalet oppnemner Ann Helene Skare til risikoanalysen i klinikk for psykisk helse og rus.

5/21 Referatsaker - utan saksframlegg

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 5/2021 i møte den 25.01.2021

Behandling

Brukarutvalet har motteke følgjande referatsaker:

- Protokoll styremøte HMR 09.12.2020
- Protokoll styremøte HMR 22.12.2020
- Protokoll Regionalt brukarutval HMN 14.12.2020
- Årshjul 2021 for ungdomsrådet HMR
- Referat frå samling i ungdomsrådet 11.-12. september 2020

Merknad: Brukarutvalet ønskjer å etterspørre status i prosjektet på Vegsund knytt til medikamentfri behandling

Vedtak

Ingen vedtak

6/21 Orienteringssak - Årleg melding 2020 HMR

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 6/2021 i møte den 25.01.2021

Behandling

Brukarutvalet fekk av kvalitetssjef Vidar Hagerup, presentert nokre tal frå årleg melding 2020 og ein presentasjon av dei overordna punkta som vil kome i oppdragsdokumentet for 2021.

Vedtak

Brukarutvalet tek orienteringa til vitende.

Brukarutvalet ønskjer å vere med på å stimulere brukarar i fylket til å etterspørre tilbodet om videokonsultasjonar/telefonkonsultasjonar i møtet med spesialisthelsetenesta. AU i brukarutvalet vil arbeide med eit forslag til korleis ein kan gå fram med dette.

7/21 Årsrapport 2020 for brukarutvalet HMR

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 7/2021 i møte den 25.01.2021

Behandling

Årsrapporten blei gjennomgått i møtet og mindre korrigeringar blei gjort.

Vedtak

Brukarutvalet vedtek årsrapport 2020 for brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal med dei endringsforslag som er kome under møtet. Årsrapporten blir sendt til styret til orientering i styremøtet 3. mars.

8/21 Styresak - Statusrapport november 2020

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 8/2021 i møte den 25.01.2021

Behandling

Brukarutvalet er oppteken av å følgje opp den gylne regel. Elles har ikkje brukarutvalet nokre kommentarar til statusrapport november 2020.

Vedtak

Brukarutvalet tek statusrapporten november 2020 til vitende.

9/21 Styresak - Premissar for revisjon av utviklingsplan HMN

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 9/2021 i møte den 25.01.2021

Vedtak

Brukarutvalet tek premissar for revisjon av utviklingsplan Helse Midt-Norge til vitende.

Protokoll godkjent i slutten av møtet, 25.01.2021